



## Referat SYRIL Årsmøte 18.03.2019 kl. 19.00 i Saften

**Frammøtte:** Per Hauge, Birte Andersen, Gro Linde, Torgeir Urdahl, Hilde Ruud, Jørn Gåsvær, Karl Erik Johnsen, Eva Fosshagen, Nils Henjum, Lorraine Thompsen, Magna Vangsnes, Ingunn Nyhammer og Nils Magne Slinde (til saman 13 personar).

### **Sak 1. Opning.**

Leiar i laget, Per Hauge, ynskter dei frammøtte velkomne til årsmøte i Syril for 2018.

### **Sak 2. Godkjenning av innkalling og sakliste.**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

### **Sak 3 Presentasjon av planar for friidrettsanlegg**

Asplan Viak ved Per Sigve Selseng orienterte om planar for nytt friidrettsanlegg på stadion. Anleggsplanen som Per Sigve orienterte ut i frå, er lagt ved som vedlegg bak referatet. Det er lagt inn kulekast, diskos/slegge, to lengdegroper, spydkast, høgdehopp, tilrettelegging for stavsprang, 100 m sprint, 110 m hekk, 333 m løpebane – fire baner, badminton / volleyball, tre femmar-baner / ei sjuarbane i gras og tre trar-baner i kunstgras.

Utanom løpebana kjem det gjerde (ca. 1 m høgt) langs løpebana. Innkøyringane må stengast for køyring, det må sikrast universell utforming av stadion, det må planleggjast lagerplass / lagringsboder inkl. lagring av tjukkast (eventuelt ute). Toalett / innlagt vatn bør vurderast. Det er lagt opp til etablering av lysanlegg.

Det vert lagt opp til å lyse ut grunnarbeidet på entreprise no i vår med oppstart i mai.

Kostnadsoverslag for heile prosjektet er 9,23 mill. 19-kroner.

### **Sak 4. Val av ordstyrar og referent**

Ordstyrar: Per Hauge

Referent: Nils Magne Slinde

### **Sak 5. Val av to medlemar til å skrive under protokoll**

Gro Linde og Magna Vangsnes skriv under årsmøteprotokollen.

### **Sak 6. Godkjenning av årsmelding og rekneskap.**

Leiar Per Hauge gjekk gjennom årsmelding for hovudstyret. Følgjande grupper hadde levert årsmelding: Handball, fotball, trimgruppa, barneidretten, friidrett, volleyball og skigruppa. Innebandy og telemark hadde ikkje levert årsmelding. Årsmeldinga vart godkjend med følgjande merknadar:

- Fotballgruppa: Nestleiar i fotballgruppa skal vere Kjetil Berg

Rekneskapen vart godkjend slik det låg føre, med eit overskot på kr. 372 428. Rekneskapen er revidert av laget sine valde revisorar Tony Borlaug og Liv Janne Steig som konkluderer med at rekneskapen framstår som ryddig og i det alt vesentlege er i samsvar med rekneskapsgrunnlaget.

Merknadar:

- Krinskontingenten i skigruppa skulle vore belasta hovudstyret. Dette hadde redusert underskotet med kr. 45 000.
- Trim og merkegruppa har følgjande merknad til regneskapet:  
Sidan Syril ikkje har hatt kasserar mesteparten av året 2018 og inntekter ikkje er fordelt godt nok, er resultatet for Syril Trim feil i årsrekneskapen 2018 for Syril. Det reelle resultatet for trimgruppa er i tråd med budsjett, og gav eit overskot som fordeler seg slik:
  - Rest frå sal trimkort etter kostnader til kort og premiar, kr. 98
  - Sponsormidlar – utstyrskostnadar, kr. 928 (kassebeholdning for Syril Trim over til 2019)
  - Overskot Syril Trim, kr. 1 026

### **Sak 7. Medlemskontingent 2020**

Det vart vedteke å halde medlemskontingenten uendra. Det betyr kr. 500 for familiemedlemsskap, 350 for einskildmedlemar og 250 for barn under 17 år. Som familie reknar vi alle heimebuande på same adresse inkludert studentar som bur periodevis vekke.

### **Sak 8. Finansiering av opprusting av friidrettsstadion**

Etter orientering frå Per Hauge og etterfølgjande diskusjon, gjorde årsmøtet følgjande vedtak og gav styret fullmakt til gjennomføring av nytt friidrettsanlegg.

Kostnadsoverslaget er på vel 9 mill. kr. Det er løyvd 3,5 mill. kr i tilskot frå kommunen. SYRIL må forskottere spelemidlane med 3,5 mill. kr i låneopptak. I tillegg brukar vi 2 mill. kr av oppsparte midlar. Eventuelt kan vi dekke noko av dette med dugnadsinnsats.

Friidrett føl opp arbeidet vidare inkl. organisering av dugnad.

### **Sak 9. Framlegg til budsjett**

Leiar gjekk gjennom arbeidsutvalet sitt framlegg til budsjett. Budsjettet med investeringsplan vart vedteke som framlagt med eit underskot kr. 109 000 som inkluderer kr. 350 000 til oppdatering av anlegg / utstyr. Nokon av desse midlane går mellom anna med til å dekke renter på lån på friidrettsstadion.

VEDTEKE BUDSJETT FOR SYRIL 2019			
GRUPPE	DRIFTSINNEKTER	DRIFTSUTGIFTER	RESULTAT
01 Fotball	490000	490000	0
02 Håndball	400000	400000	0
03 Ski / kiosk hytta	75000	75000	0
04 Symjegruppa/kajakk	5000	5000	0
05 Friidrett	12000	12000	0
06 Trim	15000	14000	1000
07 Styret	800000	600000	200000
08 Skihytta	30000	50000	-20000
09 Kjeringi open	450000	400000	50000
10 Barnegruppa	20000	10000	10000
11 Klatregruppa	5000	5000	0
12 Volleyball	10000	10000	0
13 Innebandy	10000	10000	0
Oppdatering/anlegg-utstyr	0	350000	-350000
<b>TOTALT SYRIL</b>	<b>2322000</b>	<b>2431000</b>	<b>-109000</b>

Barnegruppa og handballgruppa sitt budsjett må sjåast i samanheng.

#### INVESTERINGSBUDSJETT FOR SYRIL 2019

Friidrettsstadion		
Tilskot frå kommunen	3 500 000	
Dugnad	1 000 000	
Forskottering spelemidlar/lån	4 500 000	
Renter og avdrag 20år		- 250 000
<b>Totalkostnad</b>	<b>9 000 000</b>	

#### **Sak 10. Val**

Leiar i valnemnda Ingunn Nyhammer, la fram forslag til nye styremedlemmar slik det går fram nedanfor. Valet vart gjennomført ved akklamasjon. Resultatet av valet vart slik:

#### Arbeidsutvalet

Leiar	Per Hauge	Attval
Nestleiar	Karl Erik Johnsen	Attval
Kasserar	Eva Fosshagen	Ny
Sekretær/styremedl.	Nils Magne Slinde	Attval

#### Friidrettsgruppa

Leiar	Hilde Ruud	Attval
Nestleiar	Marit Anita Skrede	Attval

### Handballgruppa

Leiar	Elianne Eggum	Ny
Nestleiar	Olav Haugen	Ny

### Skigruppa

Leiar	Eivind Brendehaug	Attval
Nestleiar	Torunn Grut	Attval

### Trim- og merkegruppa

Leiar	Torill Felde	Ny
Nestleiar	Elianne Eggum	Ny

### Barnegruppa

Leiar	Borgtor Bøyum	Attval
Nestleiar	Manglar	

### Leikanger Idrettsråd

Leiar	Per Hauge	Attval
Nestleiar	Karl Erik Johnsen	Attval

Symjegruppa Sidan det ikkje er aktivitet i gruppa, vart det ikkje vald leiar og nestleiar.

### Volleyballgruppa

Leiar	Tone Oppedal	Attval
Nestleiar	Christian Kleiven	Ny

### Innebandy

Leiar	Torbjørn Stølen	Attval
Nestleiar	Simen Longva	Ny

### Fotballgruppa

Leiar	Magna Vangsnes	Attval
Nestleiar	Birte Andersen	Ny

Klatregruppa Sidan det ikkje er aktivitet i gruppa, vart det ikkje vald leiar og nestleiar.

### Revisor

Liv Janne Steig		Attval
Tony Borlaug		Attval

Hyttestyre Skihytta

Leiar	Gro Selås	Attval
Nestleiar	Susanne Svardal	Attval
	Lorraine Thompsen	Attval

Styringsgruppa Kjeringi Open

Medlem	Roar Vangsnes	Attval
Medlem	Karl Erik Johnsen	Attval

Valnemnd

Ingeborg Fredheim (leiar), Aril Bjørk, Kjetil Berg, Jon Amundsen

**Sak 11. Innkomne saker/diverse**

Det var ingen innkomne saker.

Leikanger 18. mars 2019



Gro Linde



Magna Vangsnes

